

01/25. Referat frå møte i Strandebarm sokneråd.

Stad: Kyrkjelydshuset.

Tid: Torsdag 23.01.25 Kl. 19.00-21.10

Desse møtte: Helena de Groen, Vette Karlsen Eide, Margun M. Tordal, Renate B. Nernes, Lillian H. Fosse, Tor-Håkon Berge, Kjell Hoff, Jorunn B. Lillefosse, Gunnar Helle og Kåre Milje frå ca. kl.19.30.

Opningsord v/Vette. Trusvedkjenninga vår, kva betyr den, kvifor går me til Gudsteneste, kva trur me på? Hjelpa oss til vedkjenna og stå saman med alle andre kristne.

SAKLISTE:

01/25: Godkjenning av innkalling og møtereferat.

Vedtak: Ingen merknader, men sak 3 og 6 vert tekne først, så slepp G. Helle og K.Milje vera med på heile møtet. Det vart meldt inn ei ny sak, 12/25.

03/25: Orientering om økonomi ved Gunnar Helle.

Helle er ny rekneskapsfører for soknerådet etter at Torleiv Ljones sa frå seg vervet. Fullstendig rekneskap for 2024 var ikkje klart enno. Soknerådet disponerer 7 kontoar i Spb.vest.

Vedtak: G.Helle får løve til å disponera desse kontoane slik han meiner er til det beste for Strandebarm sokneråd.

06/25: Fasteaksjonen. Kåre Milje orienterer.

Aksjonen i år har fått tema «Håp i ein dråpe vatn», og den vert gjennomført tysdag 8.april. Det er ca. 16 konfirmantar som vert med, pluss nokre frå soknerådet. Det er fastsett ein førebuingssdag til dette torsdag 27.mars kl.18.00 i kyrkjelydshuset. Me samla inn 19.966 kr i fjor. Målet er å auka denne summen i år.

02/25: Meldingar.

- . Flytting av prosjektor (frå kyrkjelydshuset og opp i kyrkja). Kjell Hoff har teke den ned, og Tor-Håkon hjelper å henge den opp i kyrkja.
- . Blomebukett til Torleiv Ljones, som takk for innsatsen, er overlevert.
- . Kaffi: Må ha meir kaffi i skuffa i kyrkja, dette ordnar Lillian.
- . Orientering orgelnemnd: Orgelnemnda har bestemt at Ryde&Berg, Gressvik får oppdraget. Sjå epost frå Oddvar Brakestad. Soknerådet er informert om stoda så langt.
- . Samtalegudsteneste 02.04. og fest for konfirmantane. Gudsteneste kl.18.00 og fest kl.19.00. Det vert vikarprest, Vette har studiepermisjon. Deler me ut fastbøssene då? Korleis skal dei merkast?

- . Fasteaksjonen. Kåre Milje informerer. Kva forventar du at soknerådet stiller opp med? Skyss til konfirmantar som treng det. Køyra rodar som er udekka av konfirmantar.
- . Kyrkjejubileum. Held på å skaffa folk til å vera med i nemnda. Har fått eit medlem til no.
- . System for å melda kor mange arr. Det er ila året på kyrkjelydshuset. Korleis gjera det? Eit skriv som heng på oppslagstavla?? Spør Inger Karin kven utleiga gjeld ifrå.
- . Lukk att alle dører innvendig i kyrkja. Hindra varmetap i kyrkjerommet.
- . Takvøla Strandebarm kyrkje, framdrift.
- . Flassing på nordvegg i kyrkja: Tor-Håkon snakkar med Kristian Neteland ang. dette.
- . Tårnagenthelg i Strandebarm: 3.og 4.klasse. Dato: 29.03 kl.17.00-19.00. Tenk over kven som kan vera med.

Sak 04/25: Val av leiar og nestleiar i soknerådet.

Valet skal vera skriftleg.

Vedtak: Soknerådet fortset som i 2024. Leiar Margun M. Tordal og nestleiar Tor-Håkon Berge.

Sak 05/25: Datoliste for soknerådsmøter. Merknader.

Vedtak: Lista vart godteken.

Sak 07/25: 16. mars, songkveld i kyrkja. Korgafest etterpå?

Ekteparet Røen deltek, Sevij spelar i saman med Lovsong-gruppa på Børsheim.

Vedtak: Me arr. Songkvelden, men det vert ingen korgafest etterpå.

Sak 08/25: Tidspunkt for soknemøte i kyrkjelyden.

Vedtak: Soknemøtet vert etter gudstenesta 9. mars.

Sak 09-11 vert utsett til neste møte pga tidsmangel.

Sak 12/25: Løyve til å kjøpa inn eit årsabm. på BARNAS til sundagsskulen.

Vedtak: Dette gav soknerådet leiar for sundagsskulen løyve til.

Ref.

Jorunn B. Lillefosse